



Ullensvang kommune,  
Opheimsgt. 31,  
5750 ODDA

Vår dato:

04.06.2020

Vår ref:

2020/3324

Dykkar dato:

18.02.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## ULLENSVANG KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

### Innleiing

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020-2023, vedteke i kommunestyremøte 18.desember 2019.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

### Oppsummering av Fylkesmannens vurdering

**Det er lagt opp til eit betydeleg netto driftsunderskot i budsjettet, kr 19,9 mill. Kommunen bør unngå at resultatet blir så negativt i år. Eit så stort netto driftsunderskot vil redusere disposisjonsfondet i stor grad allereie i år. Kommunen må ha som målsetjing at den faktiske utviklinga blir vesentleg betre enn det som er lagt til grunn i budsjett og økonomiplan med omsyn til netto driftsresultat.**

### Kommunen sine planlagde investeringar og låneopptak i økonomiplanen er for høge.

Dersom dei faktiske gjennomførde investeringane og låneopptaka blir så høge som planlagt, vil det medføre at den nye kommunen får eit høgt gjeldsnivå. Kommunen bør avgrense nye låneopptak i dei nærmaste åra slik at ikkje gjeldsnivået får utvikla seg til å bli for høgt.

**Som følgje av koronautbrotet får kommunane utfordringar med økonomien. Fylkesmannen vil følgje dette særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.**

### Budsjett 2020

Kommunen har budsjettert med kr 356,2 mill. i skatt på eige og inntekt for 2020. Av dette utgjer naturressursskatten kr 43,0 mill.



Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 766,7 mill., medrekna naturressursskatt. Skatt og rammetilskot er i den siste inntektsprognosene, basert på revisert nasjonalbudsjett, kr 760,6 mill. Denne prognosene er etter pårekna skattereduksjon og kompensasjon i samband med utbrotet av koronaviruset. Dei budsjetterte frie inntektene er kr 6,1 mill. for høge samanlikna med den siste inntektsprognosene.

Stortinget har vedteke å auke innbyggjartilskotet til kommunane med kr 3,75 mrd. i samband med virusutbrotet. Ullensvang kommune sin del av dette utgjer kr 8.565.000,-. Stortinget har også vedteke å auke rammetilskotet til kommunane med kr 1,0 mrd. som kompensasjon for bortfall av foreldrebetaling i barnehagar og SFO. Dette utgjer kr 1.781.000,- for kommunen.

I samsvar med vedtak i fellesnemnda skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 d for eigedomsskatteåret 2020. Skattesatsen for 2020 er sju promille. Det er stadfestat gjennom vedtak i fellesnemnda at det ikkje skal krevjast inn eigedomsskatt på bustader eller fridsbustader. Ullensvang herad hadde til og med 2019 eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar. Dette utgjorde i 2019 kr 8,4 mill.

For eigedomsskatteåret 2020 skal det også skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova. Eigedomsskattesatsen for 2020 er sju promille også for det særskilte skattegrunnlaget.

Kommunestyret har i møte 29.april d.å. vedteke ei korrigering av opphavleg vedtak om eigedomsskatt i budsjett og økonomiplan. Det er no gjort følgjande vedtak :»*For eigedomar omfatta av eigedomsskattelova § 3 d som det på grunn av kommunenesamanslåinga vert skrive ut skatt på for første gang i 2020, skal skattesatsen vere 2 promille, jf. eigedomsskattelova § 13 tredje ledd.*»

Det er budsjettet med eigedomsskatt kr 90,1 mill. for 2020. Innkomen eigedomsskatt i 2019 var kr 4,0 mill. i Jondal kommune, kr 15,7 mill. i Ullensvang herad og kr 67,7 mill. i Odda kommune, det vil seie til saman kr 87,4 mill.

Resultatet av hovudtakseringa i den nye kommunen er at eigedomsskatten aukar med kr 9 mill. samanlikna med vedteke budsjett for 2020. Nytt estimat for eigedomsskatt i 2020 etter taksering er difor kr 99 mill. Det er då teke omsyn til nytt vedtak i kommunestyret av 29. april i år om to promille skattesats for eigedomar ved første års utskriving av eigedomsskatt.

For åra frå 2020 til 2023 er det budsjettet med sum utbytte frå Hardanger Energi og Odda Energi på kr 6,0 mill. Dette er basert på sum utbytte i dei tre kommunane i dei siste åra.

I kommunelova er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Etter kommunelova paragraf 14-18 skal lån til investeringar bli nedbetalt med årlege avdrag. Avdraga skal samla kvart år vere minst lik storleiken på kommunen sine avskrivingar i rekneskapsåret, justert for den prosentdelen som lånegjelda utgjer av kommunen sine anleggsmidlar.

Det er budsjettet med kr 38.981.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjettete avdraga oppfyller kravet til minimumsavdrag i den nye kommunelova. Det er budsjettet med årlege avdrag på lån med om lag 4 prosent av lånegjelda, som er i samsvar med vår tilråding.



Kommunane Jondal, Odda og Ullensvang hadde følgjande netto driftsresultat i rekneskapen for 2019:

Jondal,	+kr 624.300,-
Odda,	-kr 2.114.000,-
Ullensvang	-kr 20.258.000,-

Netto driftsunderskot for Ullensvang herad i 2019 skuldast ekstraordinære kostnader i samband med kommunesamanslåinga.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2020 med kr 19,9 mill. Dette underskotet er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond.

#### **Fylkesmannen sin kommentar**

*Dei budsjetterte ordinære skatteinntektene er for høge på bakgrunn av verknadene av virusutbrotet. Dei frie inntektene i budsjettet må bli reduserte til eit realistisk nivå. Pårekna meir inntekt frå eigedomsskatt samanlikna med budsjettet kan nyttast til å redusere dei budsjetterte ordinære skatteinntektene i budsjettet.*

*Det er lagt opp til eit betydeleg netto driftsunderskot i budsjettet, kr 19,9 mill. Kommunen bør unngå at resultatet blir så negativt i år. Eit så stort netto driftsunderskot vil redusere disposisjonsfondet i stor grad allereie i år. Kommunen må ha som målsetjing at det faktiske resultatet i år blir vesentleg betre enn det som opphavleg er budsjettert.*

#### **Investeringsbudsjettet 2020**

I 2020 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 334,0 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vatn, avlaup og renovasjon til saman kr 89,0 mill. Dei største investeringane elles er i ny sjukeheim Eide, kommunale bustader og i Jondal skule.

Investeringane er for ein stor del planlagt finansierte med bruk av lån. Det er gjort vedtak om å ta opp lån med inntil kr 236,8 mill., av dette er kr 89,0 mill. til VAR-investeringar. Investeringane elles blir finansierte av investeringstilskot og bruk av investeringsfond m.m.

Det er gjort vedtak om opptak av startlån til vidare utlån med kr 10,0 mill.

Kommunane Jondal, Ullensvang og Odda hadde følgjande langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2019:

#### **Jondal kommune**

Brutto langsigktig lånegjeld	kr 128 ½ mill.
-    målt per innbyggjar	kr 118.300,-
-    målt i prosent av driftsinntektene	82,0 prosent

#### **Ullensvang herad**

Brutto langsigktig lånegjeld	kr 236,0 mill.
------------------------------	----------------



- målt per innbyggjar	kr 71.100,-
- målt i prosent av driftsinntektene	55,1 prosent

#### Odda kommune

Brutto langsigkt lånegjeld	kr 684,3 mill.
- målt per innbyggjar	kr 101.400,-
- målt i prosent av driftsinntektene	75,3 prosent

Samla lånegjeld for dei tre kommunane var med dette om lag kr 1050 mill. ved utgangen av 2019.

Det er innarbeidd eigenkapitalinnskot KLP med kr 3,8 mill. i investeringsbudsjettet. Dette blir i samsvar med regelverket finansiert utan bruk av lån.

Det er rekna at den langsiktige lånegjelda kjem til å auke til om lag kr 1,2 mrd. ved utgangen av 2020 og til mellom kr 1,4 mrd. og kr 1,5 mrd. ved utgangen av 2023. Dette svarer til ei lånegjeld per innbyggjar på kr 108.700,- ved utgangen av 2020 og kr 130.200,- ved utgangen av 2023.

Den avgiftsfinansierte lånegjelda til VAR-investeringar av samla lånegjelda er pårekna å auke frå om lag 37 prosent ved utgangen av 2020 til om lag 52 prosent ved utgangen av 2023.

#### **Fylkesmannen sin kommentar**

*Kommunen sine planlagde investeringar og låneopptak er for høge. Dersom dei faktiske gjennomførde investeringane og låneopptaka blir så høge som planlagt, vil det medføre at den nye kommunen får eit høgt gjeldsnivå. Vi må sjå dette i samanheng med at kommunen har stort netto driftsunderskot i budsjettet for i år og i dei neste åra i økonomiplanen.*

*Kommunen bør avgrense nye låneopptak i dei nærmaste åra slik at ikkje gjeldsnivået får utvikla seg til å bli for høgt. Fylkesmannen rår kommunen til berre å ta opp lån til :*

*a) VAR-investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande.*

*b) I tillegg til dette bør låneopptaka vere avgrensa til det kommunen betaler i ordinære avdrag. Kommunen bør med andre ord for kvart år ikkje ta opp større lån enn det kommunen betaler i ordinære avdrag, i tillegg til lån til sjølvfinansierande VAR-investeringar.*

*Kommunen bør legge dette til grunn for dei komande åra i økonomiplanen. Dei investeringane som ikkje kan bli finansierte innafor denne avgrensinga, må bli finansierte utan bruk av lån dersom dei ikkje kan utsetjast.*

#### **Økonomiplan 2020 - 2023**

Netto driftsunderskot i budsjett 2020 er kr 19,9 mill. I økonomiplanperioden er det for åra 2021 til 2023 lagt opp til eit netto driftsunderskot på om lag kr 17 mill. til kr 18 mill. årleg.

Fellesnemnda for den nye kommunen vedtok i september 2018 økonomiske måltal for den nye kommunen:

- Disposisjonsfond ti prosent av brutto driftsinntekter
- Netto driftsresultat fire prosent av brutto driftsinntekter



- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere under landsgjennomsnittet inklusiv Oslo

Fellesnemnda la til grunn at den nye kommunen skal nå desse målsetjingane seinast innan utgangen av 2022.

Dei tre kommunane hadde følgjande disposisjonsfond ved utgangen av 2019:

Jondal kommune,	kr 25,5 mill.
Ullensvang herad,	kr 22,6 mill.
Odda kommune,	kr 46,3 mill.

Samla disposisjonsfond var med dette om lag kr 94 mill. ved utgangen av 2019.

#### ***Fylkesmannen sin kommentar***

*Sum disposisjonsfond for dei tre kommunane samla ved utgangen av 2019 kan reknast til om lag 9,6 prosent av driftsinntektene. Dette er med andre ord litt lågare enn målsetjinga på ti prosent.*

*Det er lagt opp til store netto driftsunderskot både i 2020 og i dei neste åra i økonomiplan-perioden. Dette vil svekke disposisjonsfondet i vesentleg grad. Det er viktig at kommunen unngår ei slik utvikling. Kommunen må ha som målsetjing at den faktiske utviklinga blir vesentleg betre enn det som er lagt til grunn i budsjett og økonomiplan med omsyn til netto driftsresultat.*

*Den utviklinga som økonomiplanen legg opp til, er ikkje i samsvar med dei målsetjingane som fellesnemnda vedtok for den nye kommunen.*

*Den langsiktige lånegjelda, utanom pensjonsforpliktingar, var 106,7 prosent av driftsinntektene for dei tre kommunane samla ved utgangen av 2019. Dette var noko høgare enn landsgjennomsnittet for 2019 medrekna Oslo, som var 106,2 prosent.*

*Dersom kommunen gjennomfører den store opplåninga som økonomiplanen legg opp til, vil den nye kommunen få eit for høgt gjeldsnivå i løpet av økonomiplanperioden.*

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid  
assisterande fylkesmann

Gjenpart:

Indre Hordaland revisjonsdistrikt, Postboks 274, 5702 Voss  
Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen

*Dokumentet er elektronisk godkjent*